

Referat frå digitalt rektornettverk 22.03.2024 kl 9.00-11.00 i Teams

28 møte (nokre skular stilte også med fleire deltakarar pr. skjerm m.a inspektørar som ikkje står på deltakarlista under):

Hallbjørg Eidhamar, Bjarte Ramstad, John Ole Vange, Bjørg Henriette Gustavsen, Gudrun Kjartansdottir, Elisabeth Alme, Kurt Jevnaker, Eli Merete Hansen Moen, Bjørg Sannerud Skahjem, Magne Klepp, Jorunn Felde, Åse Margrete Julusmoen, Kari Merete Henjum, Linda Maristuen, Mona Kristin Bukve, Frank Nymark, Veronika Bjørnerud, Geir Kjetil Øvstetun, Linda Maristuen, Rita Årevik Vikdal, Odd-Eivind Holo, Linda Øvregard Røhme, Eldar Saue, Mari Sannes Innerdal, Knut Hauge, Elling Bjarneson Venjum, Turid Rauboti og Ingrid Steine Bortne.

Saker:

- 1. SFS 2213 – arbeidstidsavtalen v/Åse Julusmoen og Hallbjørg Eidhamar (50 min)**

Sjå eigen presentasjon og eksempel på arbeidsplan vedlagt. Det kom fleire relevante spørsmål til Åse og hallbjørg, og det syner at tematikken engasjerer. Send eventuelle spørsmål direkte til dei i etterkant, så vil dei prøve å svare på e-post. Denne saka bør også løftast til hovudtillitsvalde, og saka bør drøftast regionalt mellom HTV i kommunane.
- 2. Dekomp-prosjekt ved Indre Hafslo oppvekstsenter v/Elling Bjarneson Venjum (20 min)**

Elling kan dele presentasjonen i etterkant. Som ny rektor «arva» han eit dekomp-prosjekt som ikkje var godt nok forankra i personalgruppa. Dei måtte difor «ta eit steg tilbake» for å oppnå forankringa som ein treng for å lukkast med utviklingsarbeid. Prosjektet heiter «Å sjå eleven innanfrå».
- 3. Eventuelt v/Ingrid Steine Bortne (10 min)**
 - Workshop om ny opplæringslov for skuleleiing og PPT 11.april har påmeldingsfrist i dag
 - Planleggingsdagen for tilsette i skulane vert onsdag 14.august – digital samling. Har ikkje booka føredragshaldar enno, meld gjerne frå om ynskjer på tema/føredragshaldar. Eit aktuelt tema er kunstig intelligens
 - Nettverk fram mot sommaren:
 - o LOGOS-nettverk for sertifiserte 3.4
 - o Nettverk for nyutdanna pedagogar 10.4
 - o Rådgevarnettverk grunnskule og VGS 18.4
 - o ASK'us digital spørjetime om ASK 7.5
 - o Nettverk for arbeid med barn med Downs syndrom er utsett til 4.9
 - o Nettverk for andrespråksopplæring er utsett til 10.9 (tidlegare namn: fagnettverk norsk for minoritetsspråklege)
 - o Autismenettverk i regi av Statped vert truleg i september
 - Siste nytt om studieturen til Amsterdam 17.-20.september. Me er 54 deltakarar. Reisekomiteen jobbar med fagleg program, kom gjerne med innspel og ynskjer. Meir informasjon kjem.
 - Innovasjons- og karrieredag for 10.klasse ved HVL er datofesta til 25. og 26.september. Påmeldingsfrist 31.mai. Informasjon om påmeldinga og opplegget kjem i mai.
 - Entreprenørskapsmessa går av stabelen 16.april i Lærdal. Brosjyre og meir info kjem til ungdomsskulane veka før messa

- Minner om at skulane kan søke om tilskot frå Udir for å drive rettleiing av nyutdanna lærarar i deira 1. og 2. arbeidsår etter utdanning (søknadsfristen var i september 2023, kjem sikkert ny runde i haust). Ein fekk i 2023 kr 20.000 kr pr nyutdanna lærar: <https://www.udir.no/om-udir/tilskudd-og-prosjektmidler/midler-kommuner/tilskudd-til-veiledning-for-nyutdannede-nytilsatte-larere/> Det er alt for få som veit om og søker på denne ordninga
- Brukar me § 2.8 i Opplæringslova for lite? Særskilt språkopplæring for elevar frå språklege minoritetar: <https://lovdata.no/nav/lov/1998-07-17-61/kap2/%C2%A72-16>

4. Eksamen: informasjon, avklaringar, spørsmål v/ Turid Rauboti (40 min).

Denne økta var berre aktuell for ungdomsskulerektorane, dei andre avslutta møtet.

Sjå presentasjon frå Turid vedlagt. Denne informasjonen er også lagt ut i Teams-kanalen for ungdomsskulerektorane. Det er fint om alle svingar innom der jamt og trutt. Turid gjekk gjennom tidsplanen for våren og ba om at rektorane meldte inn fleire fag pr sensor slik at skulane får meir å velje mellom når dei skal trekke fag. Turid legg ut eige skjema i Teams-kanalen som rektorane fyller ut rett over påske. Fyll også ut kven som har fagansvaret for eksamensfaga. Dersom det vert knapt med fag for sensorane kan dei sensorane også nyttast i eigen kommune, men dette er siste utveg. Turid har avklara med Statsforvaltaren at det er lov å nytte sensor frå same kommune (men ikkje frå same skule som ein skal sensurere ved). Ta kontakt med Turid om de har spørsmål knytt til eksamen.

Neste rektornettverk (og det siste dette skuleåret) vert workshop om ny opplæringslov med Statsforvaltaren og andre på Sogndal hotell 11.april kl 9-15, påmeldingsfrist i dag. Velkommen!

Skrivar: Ingrid Steine Bortne